



Vi er komne til 4.runde i julekonkurransen vår. I dag presenterer vi bilete av 4 flotte julebukkar. Biletet er vel teke for rundt 35 år sidan. Den gongen gjekk ein julebukk på trettande afto(5.januar) i Uskedalen. No er den flytta til trettande dag jul, og tradisjonen er framleis like koseleg, og julebukkane like flinke!

På dagens bilete er eg 100% sikker på 3 av julebukkane. Den 4. er eg berre 95% sikker, men de får som vanleg eit vers til hjelp, og teksten vert styrande for løysinga.

To søskenpar,
 begge med god innsikt i rett og gale,
 det eine har også god peiling på smale.
 Ein i kvart par bur i aust og ein i vest,
 berre ein av dei fire har funne at Uskedalen er best!

Dette er ei to-poengsoppgåve, eitt poeng for kvart søskenpar. Då er det berre å hiva seg rundt og senda inn framlegg til svar på epost til thordossland@gmail.com eller som sms til 932 88 237. Lukke til. Svarfrist er 26.12. kl.23.59.(Og dersom de ikkje hugsar namna, kan de beskriva det med t.d. far til....., dotter til....., søster til osv.) Eg er imponert over kor flinke de er!

Oljesjeiken i går var Leif Harald Myhre(Harald Myhre) på karneval i Helgheim. Mange rette svar fekk vi inn, men også i denne omgangen var det nokre som bomma. Dei kom med gode framlegg på bror til Harald, Ove Magne Myhre, på Odd Eide og Ørnulf Myklebust.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland